



Statens vegvesen

ALVER KOMMUNE
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Behandlande eining:
Transport og samfunn

Sakshandsamar/telefon:
Ingelin Garen / 55516345

Vår referanse:
20/75573-2

Dykkar referanse:

Vår dato:
02.06.2020

Uttale – Kommuneplanen sin samfunnsdel kunngjering om planoppstart og høring og ettersyn av framlegg til planprogram– Alver kommune

Statens vegvesen viser til melding om oppstart av arbeid med kommuneplanen sin samfunnsdel og framlegg til planprogram som er sendt oss på høring 15.04.2020.

Statens vegvesen har ansvar for å sjå etter at føringane i Nasjonal transportplan (NTP) , statlege planretningsliner for samordna bustad-, areal og transportplanlegging, vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar vert ivaretekne i planlegginga. Vi uttalar oss som forvaltar av riksveg på vegne av staten og som statleg fagstyresmakt med sektoransvar på transportområdet.

Kommuneplanen sin samfunnsdel skal vere retningsgivande for andre kommunale planer og er difor eit viktig styringsdokument for kommunen. Planen skal gje signal om kva mål kommunen vil arbeide mot i planperioden og korleis dei vil gå fram for å nå desse måla.

Planprogrammet er ein plan for gjennomføringa av sjølve planen. Planprogrammet som er ute til offentleg ettersyn no skal vise korleis kommunen skal arbeide med samfunnsdelen og korleis ein skal sikre medverknad. Planprogrammet delar også kunnskap om dei mest sentrale utviklingstrekk til kommunen og peiker på aktuelle tema som kommunen skal sjå nærare på i arbeidet med samfunnsdelen.

Av framlegget til planprogram går det fram at folkehelse og FNs berekraftsmål blir gjennomgangstema i samfunnsdelen og at det er eit mål at samfunnsdelen skal bidra til eit systematisk folkehelsearbeid i Alver.

Postadresse
Statens vegvesen
Transport og samfunn
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Alver kommune peiker på forslag til tema det kan vere aktuelt å sjå nærare på i samfunnsdelen

- Befolkningsutvikling
- Samordna areal- og transportplanlegging
- Grøn omstilling
- Fellesskap og attraktive nærmiljø
- Alver sin posisjon og rolle i regionen
- Næringsutvikling
- Pendling og mobilitet
- Levekår og folkehelse
- Oppvekst og utdanning
- Kultur, idrett og friluftsliv
- Samfunnstryggleik og beredskap

Bustadmønsteret i kommunen er synleggjort som eit av fleire tema som det i samfunnsdelen er aktuelt å sjå nærare på med omsyn til befolkningsutvikling. Statens vegvesen ser det som viktig at kommunen tek aktivt stilling til korleis ein skal arbeide for å styre veksten i folketalet til dei rette områda. Det er også viktig å sjå temaet bustadmønster i samanheng med prinsippa for samordna bustad-, areal og transportplanlegging. Dei som ikkje bur i senterområda er i dag i stor grad avhengige av å køyre bil. Omfanget av spreidd busetnad bør avgrensast og vekst bør fortrinnsvis skje i områder der det er mogeleg å leggje til rette for attraktive alternativ til privatbil. Eit tilpassa kollektivtilbod (buss, båt) må utgjere eit premiss i denne samanhengen. I samfunnsdelen er det også viktig at koplinga mellom folkehelse og aktiv transport kjem tydeleg fram.

Statens vegvesen arbeider med kommunedelplan for framtidig trasé for E39 gjennom Alver kommune, men det er usikkert når vegen eventuelt vil stå ferdig. Dette vil vere avhengig av planprosess og løyvingar. Dagens europaveg vil difor vere hovudtransportåra nordaustover gjennom kommunen i ei rekkje år og dette må kommuneplanen ta høgde for. På tilsvarande måte må dagens situasjon være utgangspunktet for vurderingar knytt til kapasitet på E39 sørover gjennom Åsane.

Statens vegvesen er oppteken av at kommunen sine planar skal byggje opp under målsetjinga om redusert bilbruk i storbyområdet. Byveksttalen og nullvekstmålet må være eit premiss for arbeidet med kommuneplanen sin samfunnsdel. Det bør stå i planprogrammet korleis ein skal arbeide for å oppnå måla i byveksttalen.

Alver ventar ei auke i talet på eldre. Det derfor positivt at framlegget til planprogram har fokus på aldersvenleg stadutvikling. Som det står i framlegget til planprogram handlar ikkje aldersvennleg stadutvikling berre om tiltak retta mot eldre. Med omsyn til handsaming av tema som universell utforming og trafikktryggleik er det spesielt viktig å få fram interessene til gruppene eldre, barn og unge.

Gjennom framlegget til planprogram har kommunen presentert mange tema som saman kan danne eit godt grunnlag for det vidare arbeidet med kommuneplanen sin samfunnsdel.

Det er viktig at kommunen gjennom samfunnsdelen legg vekt på å vere tydeleg på kva retning dei ønskjer å styre kommunen innan planperioden.

Vi ønskjer lukke til med det vidare arbeidet.

Transport vest, Transportforvaltning 3
Med helsing

Sindre Lillebø
seksjonssjef

Ingelin Garen
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
FYLKESMANNEN I VESTLAND, Njøsavegen 2, 6863 LEIKANGER
VESTLAND FYLKESKOMMUNE, Postboks 7900, 5020 BERGEN